

Nettside

- Vindafjord kommune
- Omega Areal as

Vedk.: Kunngjering på nett

Ber om at følgjande kunngjering vert teken inn på nettsida

Med venleg helsing

Omega Areal as

Elisabeth Silde

e-post: elisabeth.silde@omega.no

Varsel om oppstart av detaljregulering for Vågshagen 6, gnr. 295, bnr. 4 – Vindafjord kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil me med dette informere om at Omega Areal as på vegne av Huskvam as v/ Nils Kvamen skal utarbeide forslag til reguleringsplan for Vågshagen 6 i Vindafjord kommune.

Området er i arealdelen til gjeldande kommuneplan 2011 – 2021 sett av til byggeområde for bustader, medan delar av området ligg i høyringsutgåva til kommuneplanen 2016 – 2028 med bandleggingssone for regulering av E134. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for konsentrerte bustader med tilkomst via tilgrensande detaljplanar for Vågshagen og tilkomst til eksisterande bustader. Tilkomst til området vil liggje i bandleggingssona avsett i kommuneplanen.


Området er av Vindafjord kommune vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU), då føremålet for bustadutbygging er i samsvar med overordna plan.

For nærare informasjon kan du kontakte Omega Areal as, tlf 975 40 000.

Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til

Omega Areal as, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg eller areal@omega.no - innan 16.05.2016.

Etter at meldingsfristen er ute vil sjølve planforslaget verte utarbeidd og innsendt til kommunen. Etter første gongs handsaming vert planen utlagt til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komma med eventuelle merknader og motsegn mot planforslaget før endeleg handsaming av planen.




Oversiktskart med planområdet avmerkt. Kjelde: Fonnakart

Stor nok til å levere,
liten nok til å bry seg


Kvassanesvegen 4
5582 Ølensvåg

Telefon 97 54 00 00
Epost areal@omega.no


Internett areal.omega.no
Org. Nr. 986 930 264




Utsnitt frå gjeldande kommuneplan 2011 – 2021. Omtrentleg plangrense er markert med blått.



Utsnitt frå høyringsutgåve av kommuneplanen 2016 – 2028. Omtrentleg plangrense er markert med blått.
Kjelde kartutsnitt: Planinnsyn



Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for E134 Fikse – Solheim i Vindafjord kommune.
Kjelde kartutsnitt: Vegvesen.no via Vindafjord kommune sine nettsider



Utsnitt frå gjeldande detaljplanar i området. Omtrentleg plangrense er markert med blått.
Kjelde kartutsnitt: Planinnsyn